



Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd,
Slidrevegen 20,
2966 Slidre

Høring – NOU 2013 DET LIVSSYNSOPNE SAMFUNN

Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd visar til Kulturdepartementets høyringsbrev frå 11. februar 2013, og har arbeidd med NOU-utredninga Det livssynsopne samfunn. I dette brevet finns eit samandrag av våre synspunkt og merknader.

Hovudpunkta i vårt høyringssvar:

1. Utredninga viktig for bevisstgjerjing og synleggjering av haldningar til tru og livssyn.
2. Den norske kyrkja si integrerte rolle i samfunnet er det teke for lite omsyn til
3. Kyrkjebygga skapar stadens identitet og er meir enn lokale for Dnk sine aktivitetar.
4. Framleis gravferdsmynde og –forvalting hjå kyrkjeleg fellesråd
5. Framleis vigselrett for Dnk
6. Framleis kyrkjeval saman med offentleg val

1. Det livssynsopne samfunn

Gjennom Stålsett-utvalets utredning får vi ei tydeleg påminning om dei religiøse tilhøva enkeltmenneske og trussamfunn utanfor Dnk kan ha, og det er bra. Men arbeidet med høyringssvar har også stimulert eige bevisstheit om kva slags verdiar vi sjølve har og vil halde høgt samt kva slags kvalitet vi har på tenestene vi gir. Dei ulike trussamfunn er inga einsarta gruppe, det er heller ikkje Dnk, det må sjåast i den kontekst ein er ein del av.

2. Den norske kyrkja si rolle i samfunnet.

Utredninga har lagt som premiss at fleire ynskjer å kalle Den norske kyrkja eit trussamfunn. Omgrepet trussamfunn usynleggjer den integrerte funksjon kyrkja har i store delar av landet vårt. Nasjonalt og på bygdene, ved å vera samlande som ritualforvaltar og verdiformidlar ved dei store gledelege og alvorlege hendingar. Kyrkjebygg, ritual, verdigrunnlag, forteljingar og sosiale struktur heng tett, tett saman og gir den positive og sunne funksjon Dnk har i samfunnet. Ved ny organisering i høve til staten må desse usynlege og strukturelle samanhengane takast omsyn til og ivaretakast mykje betre enn Stålsett-utvalet legg opp til. Spesielt vil Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd peike på at:

Tilhøyre gjennom meir enn å ha bestemt seg.

Kyrkja, i sær på bygdene er ikkje noko ein fyrst og fremst høyrer til fordi ein har vald eit livssyn, men fordi ein er fødd inn i ein samanheng der kyrkja ved bygg og funksjon spelar ei viktig samfunnsmessig rolle. Ei rolle menneske ikkje nødvendigvis er seg bevisste at dei treng før dagen står der. Ei rolle der verdiar vert formidla gjennom praktiske handlingar, kompetanse, respekt og legale ordningar, like så vel som ved ord og ritual.

Kyrkjebygga

I Vestre Slidre har vi ei stavkyrkje, ei steinkyrkje frå mellomalderen, ein kyrkjeruin, 1 verna, 1 listeført kyrkjer og ei ”ny” kyrkje.. Desse har stor verdi som samlingsstad for gudstenester og ulike kulturell verksemd. Kyrkjene har også stor verdi for identiteten til staden og for lokalbefolkningas kjensle av ”å høyre heime”. Difor meiner vi at ansvar for ordningar og finansiering av drift og vedlikehald av kyrkjene må vere eit samarbeid mellom sokn, kommune og sentrale instansar. Det gler oss at vi les: ” Tros- og livssynspolitisk utval kan se det kan være behov for særlege ordningar knyttet til vedlikehold av fredede og vernede kirker”

Besøksadresse:
Slidretun
Slidrevegen 20, 2966 Slidre

Tlf sentralbord: 61345000
Tlf direkte: 61345095
Faks: 61345050
e-post: elisabeth.myhre@vestre-slidre.kommune.no

Kontonr: 2153 07 09296
Organisasjonsnr.: 976 989 538

4. Gravferdsmynde

Fellesrådet meiner at Dnk har spesielle føresetnader for framleis å vere gravferdsmynde sidan vi har bevisstheit om tusenårig tradisjon og skikk, forståing for rituala og symbola., kultur og fokus på verdigheit og respekt i møte med død og sorg, kunnskap om sorg og kriser, erfaring med vilkår og rammer i ”ute-rom” som brukast ved gravferd. For lokalbefolkninga er kyrkjegardsdugnad av stor verdi for arbeid med sorg samt kjensle av eigarskap til kyrkja. Dette er vi redd for å miste.

5. Vigselmynde

At så mange vel å gifte seg i kyrkja er ikkje berre eit uttrykk for manglande alternativ, men også eit signal om dei tradisjonar ein slik form for vigsel held oppe, har djupe røter i det norske samfunnet . Praktiske utfordringar kan bli betre med meir informasjon og tilrettelegging. Det sivilrettslige aspektet er ivareteke via prøving av ekteskapsvilkåra.

6. Kyrkjeval

Samfunnet og medlemmene sine demokratiske plikter og rettar i høve til kyrkja har i stor grad vore ivareteke av folkevalde organ. Det er på same måte som andre samfunnsfunksjonar/institusjonar som skule og helse har vore sikra medbestemming. Ein føresetnad for ny kyrkjeordning var at ho i praksis framleis skulle fungere demokratisk, dvs. at valdeltakinga skulle vera stor nok. Det einaste fungerande grep ein har sett i så måte er å leggja val til kyrkjelege organ saman med val til storting og kommune. Ved å nekte dette set ein bom for sjansen til å få til noko deltaking som kan seiast å vera demokratisk. Ein viktig premiss og grunnlag for ny kyrkjeordning fell då bort.